



# Kyrkje- helsing

**Kyrkjelydsblad for Osterøy**

Nr. 1 - vinter 2003

Utdeling av «Mi kyrkjebok» i Bruvik kyrkje.



Ved.  
Olav Meltvik



# *"Det er makt i de foldede hender "*

Godt nyttår! Eg hev høyrta sagt at no er det nytt år og nye dagar "med blanke ark". Nye dagar får me venteleg etter kvart, men for dei fleste av oss går vel livet sin vande gong, med dei same rutinar som før.

Travelt og oppjaga for mange. Det verste er når ein ikkje rekk alt som "ville vore gjort." Einsamt og stussleg for andre, "skal tru om nokon ser innom i dag", lange dagar. Slik opplever me tida og dagane ulikt i ulike periodar av livet. Kan henda kunne me glede nokon einsame med å ta ein telefonprat med dei, eller enda betre, ta oss tid til å sjå innom til dei. Skal me ta dette med i våre planar for dette året ?

Opp gjennom åra hev eg mange gonger opplevd at det er makt i dei folda hender. Ikkje slik å forstå at eg alltid vert bønhøyrd, eller får det slik eg trudde var best. Men ofte hev eg merka kor bøn kan hjelpe.

Kristen Stang skreiv i siste nr. av Kyrkjehelsing at eg vart hjarteoperert i haust. Eg skal ikkje trøytta lesarane med detaljar om dette, men litt om korleis bøn og forbøn hjelpte. Eg fekk hjarteinfarkt

og hamna på sjukehus, først på Haraldsplass. Etter nokre dagar der skulle eg flyttast til Haukeland for gransking av tette blodårar. Dette kvidde eg meg til og ba om trøyst. Då eg stod opp den dagen eg skulle til Haukeland las eg på dagkalenderen på veggen den salmen Arve Brunvoll hev skrive ut frå salme 23: "Min hyrding er vår Herre Gud og inkje meir eg treng. Han gjev meg kraft og leier trygt til kvild på grøne eng."

Etter dette kjende eg at tryggleik og kraft roa meg.

På Haukeland fann dokterane ut at eg måtte opererast om nokre dagar.

Då eg fekk vita dette vart eg redd og kvidde meg følt. Men etter kvart som mange av mine vener fekk vita om den komande operasjonen sende dei helsingar til meg med kona mi, eller dei ringde til meg at dei ba om at dette måtte gå bra. Og på ny kjende eg korleis kvida og redsle kvarv og eg kjende meg heilt roleg og trygg i Herrens hender.

Kvelden før operasjonen skreiv eg fire små vers om dette. Desse versa står ein annan stad i bladet.

## Takk til Kristen Stang

Kristen Stang hev desse åra han var dagleg leiari på kyrkjekontoret og vore medlem i redaksjonen i Kyrkjehelsing. Her hev han hatt si faste spalte med "Nytt frå kyrkjeleg fellesråd." Han er ein utadvent kar, som hev reist mykje, og nokre av sine opplevelingar i den samanheng hev han og delt med lesarane.

Han hev og sans for dei nære opplevelingar og utfordringar. Me tenkjer her m.a. på då han åleine rodde rundt Osterøy før 2000 års markeringa på Hamre.

Med sitt gode humør og sin opne væremåte hev han alltid vore ein frisk humørspreiar på redaksjonsmøta og elles når me hev hatt kontakt.

Me andre i redaksjonen takkar Kristen Stang for godt samarbeid desse åra, og ynskjer han alt godt i åra som kjem.

# Smittande kristendom

Smittame sjukdomar kjenner me. Og når det gjeld sjukdom, er det best å ta dei rådgjerder som skal til for ikkje å verta smitta. Smitte kjem av kontakt, og den som ikkje vil verta smitta, har ein ting å gje: halda seg borte frå smittekjelda.

Men det er ikkje berre sjukdom som er smittsam. Har du ikkje hørt om "eit smittande smil", "ein smittande lått" eller "ei smittande glede"? Når eg brukar orda: smittande kristendom, er det ikkje for å fortelja at du bør halda deg unna kristendomen, men det er for å bruka biletet av den smittande gleda. Den kristendomen som er levande, smittar. Eg vågar den påstanden. På nokre hundreår, var kristendomen spreidd til alle land kring heile Middelhavet og langt ut i verda. Kva var det med dei fyrste kristne? Dei hadde ikkje store fine kyrkjer, dei hadde ikkje ein stat som støtta dei. Tvert imot møtte dei forfylging og motstand, hån og lått. Dei mangla det meste av det me har, og likevel var dei smitta av ei glede dei ikkje kunne halda for seg sjølve. Dei hadde ein bodskap dei måtte ut med, måtte dela. For dei var det ikkje nok å sitja trygt inne i eit godt fellesskap i lag med andre truande. Det kosta gå ut med kristentrua, men dei kunne ikkje halda for seg sjølve det dei hadde fått. Eg trur at løyndomen var at dei var smitta av Jesus.

I Bibelen står det fleire gonger i Det gamle testamentet at Gud tala til gudsfolket. Eg er Heilag. De skal vera heilage. Gud er heilag. Det er ei grunnsanning i all kristen tru. Ein av dei som har arbeidt med dette ordet, meiner at det står for det tiltrekjkande og fråstøyande, det er ein løyndom som me både vil ha og ikkje ha, sjå og ikkje sjå. Fordi Gud er heilag, heiter det: Ingen kan sjå Gud og leva. Me menneske toler ikkje å sjå Gud eller koma for nær han.

Gud er heilag. Slik er det i Det nye testamentet òg. Jesus kom ikkje med noko nytt bilet av Gud, men han var Gud. Difor er han heilag. Peter opplevde Jesus som den Heilage som han fall på kne for og sa: "Gå frå meg, Herre. Eg er ein syndig mann". Han både ville og ville ikkje vera nær Jesus. Den heilage toler ikkje synd, inkje ureint kan stå seg for han. Jesus er mi berging. For han har syndstilgjeving og nåde å gje. Og når eg tek imot syndsforlatinga frå han, då gjer han meg rein.

Difor vert dei fyrste kristne kalla heilage. Dei er smitta av Den heilage, Gud. Og den som er smitta av han, kan ikkje anna enn å gje vidare av den same kjærleiken og tilgjevinga som Jesus gjev. Dei fyrste kristne var ikkje så mykje betre enn oss, at dei kunne verta kalla heilage, medan me ikkje kan kallast heilage. Nei, den som trur på Jesus, lever i trua på han, er heilag. Eg brukte orda: Smittande kristendom, og eg vil gjerne at kristentrua smittar. Starten er å verta smitta av Jesus. Han er trua sin opphavsmann og fullendar. Når han får smitta meg, vert kristendomen uråd å dela med andre.

Lukke til som smittande kristen !

*Johannes Melve*

## OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrkjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar  
og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80

Fax. 56 19 22 81

### Direkte innval:

Sekretær	56 19 22 71
Mikal Toska	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Brigt S. Skeie	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

### Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Kapellan Brigt S. Skeie

Priv. tlf. 56 39 31 00, Hosanger

### Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

### Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Norvald Vedå

Nestleiar: Agnar Vevle

Otto Mo

Einar Johnny Selvik

Kjartan Tysse

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

### Soknerådsleiarar:

Bruvik: Wenche Fiskeseth

Gjerstad: Arne Mæstad, Haus

Hamre: Inge Arve Birkeland

Haus: Einar J. Selvik

Hosanger: Gyda Tveiten Leweis

### Kyrkjehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Fax «

Johannes Melve

Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

# Litt av en bursdag

Den 11. januar skjedde det. I Haus kyrkjelydshus skjedde det. Hva skjedde ? Jo ---- ! Vår høyt elskede og avholdte sokneprest Johannes Melve rundet de 60. Egentlig rundet han ikke de 60 før 13. januar, men siden det var en mandag, høvet det best å feire dagen på lørdag, feiret ble den og det til gagns. Og at han er avholdt det viste frammøtet. Aldri har Haus kyrkjelydshus hatt så mange gjester innenfor dørene, og aldri har så mange superlativer svevet over de frammøtte fra talerstolen. Gjestene kom fra nord og sør, øst og vest. Det var gjester fra tidligere soknekall, fra de 5 soknene på Osterøy, fra Nordhordland prosti, fra Bjørgvin bispedømme, og selvfølgelig en stor skare slekt og venner. Familien (barna) som stelte i stand festen regnet med 120 gjester, men for sikkerhets skyld ble der dekket til 135. Uoffisielle kilder mener at ca. 170 mennesker tok del i feiringen.

Maten som ble servert var et fantastisk herlig koldtbord samt kaker og kaffe. Som



underholdning var der spelemann som spilte slåtter fra Vosetraktene, kvedar som sang og sist men ikke minst Osterøy kyrkjekor som sang. Det kan vel kalles maratonfeiring. Den startet kl. 16.00 og de siste gjestene dro ikke hjem før bortimot midnatt. Det er ikke til å undres over at "bursdagsbarnet" selv så sliten ut da vi tok farvel med takk for en

uforglemmelig dag. Til slutt vil jeg tilføye at det står respekt over måten barna til jubilanten hadde stelt i stand og ledet festen. Johannes, jeg håper vi og får feire din 70. årsdag i Haus kyrkjelydshus !!

**Einar J.Selvik**



# Avskjed - og velkommen !

Kristen Stang har sluttat som dagleg leiar i Kyrkjeleg fellesråd, og Mikal Toska har tatt over. Halldis Borge Midtun er ny kontorsekretær.

Kristen Stang, dagleg leiar i Kyrkjeleg fellesråd i 6 år, vart pensjonist frå 1. januar. Han er offisielt takka frå heile prestegjeldet i Hamre kyrkje 5. januar 03. Men som leiar i fellesrådet dei siste 5 åra må eg nytta høvet i Kyrkjeheising å seia ein varm takk til ein god og nær medarbeidar.

Kristen er inspirator med visjonar. Han set mot i andre når motbakkar vert lange og bratte. Han har evna til å finna utvegar. Han er målbevisst. Han veit kva kyrkja trong, og saman med fellesrådet har han prøvt å halda fast på klare målsetjingar sjølv om økonomiske rammer har truga med å ta kvelartak på delar av kyrkjeaktivitetene. Me skulle så gjerne hatt Kristen Stang lenger på kyrkjekontoret, men han fann ut at no var tida inne til å setja punktum. Takk igjen for dugande og banebrytande arbeid for kyrkja på Osterøy !

Mikal Toska akslar no trøya som dagleg leiar for fellesrådet. Han ha vore knytt til kyrkjekontoret i mange år alt, og han er velkjent



med arbeidet og veit kva som krevst. Me er visse på at han vil fylla stillinga på fullgod måte. Stillinga som kontorsekretær måtte av økonomiske grunnar reduserast til halv stilling, og Halldis Borge Midtun er tilsett og har begynt sitt arbeid. Me helsar begge med eit varmt velkommen.

Arbeidsoppgåvene er mange. Det krevst energi, kreativitet og pågangsmot. Begge stettar viktige funksjonar i kyrkjelivet på Osterøy. Kanskje nokon kan hugsa dei i bøn ?

**Norvald Vedå**  
(leiar i fellesrådet)

## En epoke er over

Søndag, 5. januar var det ugenkallelig slutt. I Hamre kirke tok vi farvel med vår avholdte daglige leder av Osterøy kyrkjeleg fellesråd, han døde ikke. Han gikk "bare" av med pensjon. Vi som hadde kontakt med han både gjennom frivillig arbeid i kirkene på Osterøy eller var ansatt i kirkene fikk sanne at Kristen Stang helt fra første dag kastet seg entusiastisk over arbeidet med å forvalte og drive arbeidet med kirkene våre.

Som skikken er når en avholdt person tar farvel, er det ikke nok med en avskjed. Som seg hør og bør ble han feiret og tatt farvel med på juleavslutningen med de ansatte, men vi i fellesrådet hadde et sterkt ønske om å få lokket ham ut her på "øynæ" en siste gang, og til tross for at han som den beskjedne personen han er helst ville slippe for mye virak rundt seg selv som person, gikk han motvillig med på å møte opp i

Hamre kirke.

I samband med avskjeden med Kristen, ble fellesrådets nye daglige leder, Mikal Toska presentert for soknene. Han må antakelig føle at å overta jobben etter Kristen Stang, blir som å hoppe etter Wirkola. Farvel Kristen. Nyt ditt otium. Vel møtt Mikal. Lykke til.

**Einar J. Selvik**



# Velkommen til kyrkja

## 23.februar Kristi forklæringsdag. Matt.17,1-9.

Haus kl.11.00. Gudsteneste. Alf R.Kallestein. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Osterøy kyrkjekor syng. Takkoffer til KFUM/KFUK-speidarane.

## 2.mars Sundag før faste.Ap.gj.8,26-35.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Nattverd. Takkoffer til Nordhordland indremisjon. Dåp.

Gjerstad kl.19.00. Lovsongskveld

## 5.mars Oskeonsdag.Jes.55,5-9a

Haus kl.19.00. Fastegudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde (KABB) .Fastesuppe . Årsmøte i kyrkjelyden og i Kyrkjelaget.

## 9.mars 1.sundag i faste. Matt. 4,1-11.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Nattverd. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.

## 16.mars 2.sundag i faste.Matt.15,21-28.

Hosanger kl.11.00 Høgmesse. Melve. Takkoffer til Bibelskulen, Bildøy.

Bruvik kl.11.00. Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Kirkens SOS. Årsmøte.

## 22.mars kl. Prostidag

Haus kl.10.00. Gudsteneste. Melve og Ryland. Osterøy kyrkjekor.

## 23.mars Maria bodskapsdag .Jes.7,10-14.

Haus kl.11.00 Høgmesse. Skeie. Takkoffer til Misjonsalliansen.

Hamre kl.11.00. Høgmesse. Melve. Takkoffer til Alternativ til abort i Noreg – AAN. Årsmøte

Gjerstad kl.19.00. Lina Sandell – kveld. Harriet Garlid fortel om Lina Sandell og me syng Lina Sandell – salmar.

## 30.mars 4.sundag i faste. Midtfastesundag. Joh.6,1-15.

Gjerstad kl.11.00. Høgmesse, Melve Nattverd. Årsmøte. Takk-

offer til Kirkens bymisjon

Hosanger kl.11.00. Høgmesse. Skeie Nattverd. Årsmøte Takkoffer til Radio Osterøy

## 4.april

Hosanger kl.18.00 Samtalegudsteneste. Skeie.

## 6.april 5.sundag i faste. Joh. 11,45-53.

Haus kl.11.00. Gudsteneste . Alf R. Kallestein. Osterøy kyrkjekor syng. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

## 13.april. Palmesundag. Joh.12,1-13.

Hamre kl.11.00. Familiegudsteneste. Skeie. Takkoffer til IKO. Dåp.

Gjerstad kl.11.00. Familiegudsteneste. Prostiprest Børge Ryland. Takkoffer til Normisjon.

## 17.april Skjærtorsdag.Matt.26,17-29.

Hosanger kl.19.00. Gudsteneste. Skeie. Nattverd.

Bruvik kl.18.00. Gudsteneste. Melve. Nattverd.

Haus kl.20.00. Gudsteneste. Melve. Nattverd. Takkoffer til Radio Osterøy.

## 18.april Langfredag. Luk.22,39-23,46.

Haus kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Melve

Hamre kl.11.00. Pasjonsgudsteneste. Skeie.

## 19.april Påskeaftan.Mark.16,1-8.

Hamre kl.23.00. Påskenattsgudsteneste. Skeie og Melve.

## 20.april Påskedag. Matt.28,1-8.

Haus kl.09.00. Ottesong. Melve. Takkoffer til Nordhordland indremisjon.

Gjerstad kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie og Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.

## 21.april 2.påskedag.Luk.24,13-35.

Hosanger kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Skeie. Takkoffer til Norsk luthersk misjonssamband.

Bruvik kl.11.00. Høgtidsgudsteneste. Melve. Takkoffer til Fjellfjellkyrkje.

Gjerstad kl.19.30. Lovsongskveld.

# Misjonsdag

Haus kyrkjelyd  
har misjonsdag  
i kyrkjelydshuset  
**laurdag 22. februar.**

Kafé fra kl. 11.00.

Arve Hansen Haugland  
har andakt og fortel  
frå Thailand kl. 13.00.

Snopeglas, salsbord med litt av  
kvart, amerikansk auksjon.

Ta føremiddagskaffen i lag med  
venene dine på kyrkjelydshuset i  
Haus denne dagen!

Velkomne!

## KYRKJESKYSS

For dei som ynskjer å koma til  
kyrkje, men har problem med  
skyss, er det mogleg å ringja til  
ein av desse:

Roald Hauge	tlf: 56 39 45 07
Astrid Mæle	tlf: 56 39 02 06
Marta Gjerstad	tlf: 56 39 20 31
Turid Njåstad	tlf: 56 39 24 59

Ver ikkje redde for å ta kontakt.  
Me ynskjer at folk kjem til  
kyrkje, og tykjer det er leitt at  
skyssen skal vera eit hinder. Om  
ikkje dei oppsette personane  
køyrer sjølv, får dei andre til å  
gjera det.

Marta Gjerstad  
Gjerstad sokneråd

Kyrkjesskyss  
til Hosanger  
frå Tysse,  
ring  
Olav Meltvik,  
tlf. 56 39 52 27.

# Konsert

## i Hamre kyrkje

**sundag 30. mars**

**kl. 19.00**

Dag Eriksen, fiolin

Jørn Schau, fløyte

Liv Skoglund, cembalo

## Kyrkjesskyss til Haus kyrkje

Desse personane kan  
kontaktast pr. telefon:  
Berit Torp 56 39 03 59  
Einar Johnny Selvik  
98 06 48 54  
Signe Mjelde  
56 39 01 04

## Kyrkjesskyss til Bruvik

Ring Wenche Fiskeseth  
tlf. 56 39 18 21  
Otto Mo tlf. 56 39 19 42

## Dåp

Det høver med dåp desse  
dagane:

Hamre:	13/4 og 19/4
Hosanger:	16/3 og 21/4
Gjerstad:	13/4 og 20/4
Haus:	23/3
Bruvik:	21/4

## Temakveldar i Haus kyrkjelyds- hus kl. 19.00

Enkel servering,  
song og samtale.

**Tirsdag 25. febr.**  
(Tema ikkje fastsett)

**Tirsdag 29. april**  
"Korleis er det å vera ein  
kristen i eit  
muslimsk land."

Reisesekretær i  
sjømannsmisjonen

Knut Rønnestad.

# Valestrand Bedehus



"Nye" Valestrand Bedehus vart innvigd 20. mai 1984. (Før den tid held bedehuset til i eit tidlegare bustadhus på Valestrand.)

Huset har hovudetasje med forsamlingsal, småsal, garderobe og kjøkken. I kjellaretasjen er det stor peisestove, kjøkken, garderobe og ein del grupperom. Her leigar me ut til Reppen Barnedagheim som disponerer delar av kjellaren til barnehagedrift.

Huset er i kontinuerlig bruk: Valestrand Indremisjon har gjevnlig kveldsmøter og møteveker, med besøkjande talarar. I tillegg får me besøk av andre misjonsorganisasjonar. Ettermiddagstreff er det ein gong i månaden, og yngres og søndagsskule annankvar veke. Det er

f.t. 2 aktive foreiningar som har faste samlingar i bedehuset og desse har kvar sin basar i løpet av året. Det er Reigstad Misjonsforeining som har basaren sin om hausten og Bedehusforeininga som har basar om våren.

Fast tradisjon er "syng jula inn" i desember. Då har me faste innslag av Valestrand Musikklag og 4. klasse ved Valestrand skule. I tillegg inviterer me inn andre som kan bidra med musikalske innslag og ein andakt.

Forrutan desse faste arrangementa, er huset ofte utleidt til bygdefolk som nyttar det til å feire barnedåp, konfirmasjon, runde dagar, minnestund m.m.

## Kyrkjetenar i Hamre kyrkje

Osterøy Kyrkjeleg Fellesråd har ledig stilling som kyrkjetenar i Hamre kyrkje.  
Dette er ein 15% deltidsstilling.  
Løn i høve tariff for kyrkjetenar, kode 5137.  
Arbeidsbeskrivelse ligg føre.  
Tiltreding snarast råd.  
Send søknad til Osterøy Kyrkjeleg Fellesråd,  
5282 Lonevåg  
Tlf. 56 19 22 80.



# På kyrkjebakken

## Prostidagen

Laurdag 22.mars er Haus vertskap for prostidagen dette året. Me ynskjer velkomne til stemne Haus for heile Nordhordland prosti. Prostidagen startar med gudsteneste i kyrkjå kl.10.00. Kl.12.30 er det tale ved generalsekretær Geir Magnus Nyborg i "Familie og Media": En himmel full av stjerner. Om media og bruk av media. Kl.1530 har leiaren av "Barnevakten" Stig Ryland innlegg om "Barns nye leikeplass", om barn i mediealderen. Møta er opne for alle, men for dei som vil vera med på middagen, er det påmelding til soknerådet

## Årsmøte

Bruvik 16/3, Hamre 23/3, Gjerstad 30/3 og Hosanger 30/4 . Alle årsmøta skjer på soknemøte etter gudstenestene kl.11.00. Haus har sitt årsmøte etter fastegudstenesta 5.mars kl.19.00.

## Brød for verda

Fasteaksjonen for Kirkens nødhjelp har innsamlingsdag tysdag 8.april. Heimane i Bruvik, Haus og Gjerstad skal få vitjing av innsamlarar den dagen, eller ein av dei nærmaste dagane.

## Fastetida

Startar onsdag 5.mars med Oskeonsdag. Kl.19.00. er det gudsteneste i Haus, med fastesuppe i kyrkjelydshuset, og årsmøte i kyrkjelyden. Kyrkjelaget har òg sitt årsmøte etterpå.

## Basar

Sundag 27.april kl.16.00. held Kyrkjelaget basar i Haus kyrkjelydshus.

## Statistikk for Osterøy prestegjeld 2002

Tal frå 2001 står i parantes.

	Bruvik	Haus	Gjerstad	Hamre	Hosanger	I alt
Gudstenestene	22 (20)	31(25)	37 (37)	27 (29)	25 (30)	142 (141)
Gudst. delt.	1.179 (1.113)	2.460 (2.514)	3.704 (3.629)	2.947 (2.883)	2.066 (2.236)	12.356 (12.375)
Natt.gjester	133 (146)	347 (338)	764 (795)	497 (365)	181 (371)	1.922 (2.015)
Døypte	8 (1)	15 (17)	23 (25)	27 (31)	21 (10)	94 (84)
Vigde	3 (1)	4 (4)	4 (4)	11 (11)	4 (6)	26 (26)
Konfirmerte	8 (7)	18 (14)	20 (21)	23 (23)	20 (21)	89 (86)
Gravferder	9 (6)	4 (10)	23 (17)	15 (14)	17 (17)	47 (64)
Innmelde	0 (1)	0 (0)	0 (2)	0 (0)	1 (0)	1 (3)
Utmelde	0(0)	2 (0)	4 (2)	0 (3)	0 (0)	6 (5)
Ofringar	24.074 (26.563)	50.146 (44.403)	112.137 (104.803)	73.977 (59.013)	42.397 (43.558)	302.731 (278.340)

# Velkommen til vinter-/påskeleir 2003 i Sætervika

## VINTERLEIR

1. 28. febr. til 3. mars	10 - 13 år	kr. 535,-
2. 3. til 6. mars	10 - 12 år	kr. 535,-
3. 6. til 9. mars	9 - 12 år	kr. 535,-

## PÅSKELEIR

1. 11. til 15. april	6. - 10. klasse	kr. 685,-
2. 16. til 21. april	Kretsungdomskorets påskeleir Be om eige program	kr. 850,-

Sætervika Ungdomssenter ligg ved Tysse i Samnanger. Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet. Elles vert det leik, spel, skiturar til Kvamskogen m.m.

Påmelding og nærmare opplysningar:  
Norsk Lutherisk Misjonssamband  
Sydneskleiven 22  
5010 Bergen  
Tlf. 55 90 48 00  
Fax: 55 90 48 10  
E-post: post@bergen.nlm.no

# Kva du bør vete om



Frivillighetssentralen

Besøksteneste i heimen er stadig aukande. Vi har frivillige som går heim til dei same kvar veke og andre som er hos forskjellige. Ofte treng nokon skyss for å handle eller til å kome seg ut ein tur. Har ein eit stabilt nettverk held ein seg lenger frisk og kan såleis bu i heimen sin. På Hosangerheimen og Osterøy sjukeheim er det og frivillige som går. Vi har eit nært samarbeid med sjukehuset på Haraldsplass. Når pasientar er utskrivne etter sjukehusopphald, vert sentralen ofte kontakta for oppfylgjing.

Eldredagen, som årleg vert arrangert av Lions Club Osterøy, er påmelding og ein del praktisk hjelp utførd av

Frivillighetssentralen.

Hjelp på eldretreff har vi i samarbeid med Hauge Helselag. Dataklubben på Osterøy vidaregåande skule om torsdagkveldane frå kl. 16.00 – 21.00 er starta av ein frivillig hjelpar, Frank Pape. Han er dataingeninør og lærar. Her samlast ungdomar i alderen 12 år og oppover, til dataspel og

surfing på Internett. Saman med seg har dei frivillige hjelparar. Dette er ein del av Sentralens førebyggande arbeid blandt dei unge.

Andre oppgåver : Høgtlesing, hente og levere bøker på biblioteket, kyrkjeskyss, fylgle med taxi til lege og sjukehus der fylgle ikkje vert dekka av det offentlege. Kløyving og stabling av ved, telefonen, barnepass, hjelp med data, litt husvask, reingjera takrenne for lauv, hagearbeit, snømåking, køyring til fellessamlingar for eldre, kokking på eldretreff er også ein del av sentralen sine oppgåver. Natteramnane er grupper på 3-4 vaksne (over 18 år) som ”vandrar” ute på stader ungdom samlast kvelds- og nattetid og blandar seg med dei.

Natteramnane er ikkje noko politi, men har som oppgåve å visa at vaksne bryr seg om kva ungdomen gjer. Dei har godt samarbeid med lensmannskontoret som gjev informasjon til dagleg leiar om dei offentlege tilskipingane. Sentralen har omlag 20

natteramnar som ”vandrar” kring på ”Øynæ” etter behov i tida 22.00 – 02.00. Dei er under

Vesta Forsikring sin paraply og er godt synlege i gule vestar og jakker. Dei ”vandrar” gratis og får kun dekka bensinutgiftene. Frivillighetssentralen i Osterøy er oppretta for å styrke den frivillige innsatsten.

Sentralen skal vera eit formidlingskontor for frivillige og ubetalte aktivitetar og ein møteplass for dei frivillige. Sentralen rår i dag over 45 hjelparar, 20 natteramnar, 155 bøsseberarar og 80 registrerte brukarar(sjukeheimane kjem i tillegg til desse tala) Timetalet på frivillig innsats på årsbasis er omlag 3000.

Institutt for samfunnsforskning (ISF) stadfesta i desember 2000 at Frivillighet-sentralen i Osterøy er ein etablert Sentral, ikkje lenger eit prosjekt.

**Wenche Fiskesteth**  
**Dagleg leiar**

# Familie-nytt



## HAUS

### Vigde:

28.12 Rune Refsnes og  
Trine Lise Lerdahl

### Gravlagde:

12.12 Ingrid Kleveland  
(f.1922)

## GJERSTAD

### Døpte:

24.11 Vinjar Tveiterås  
26.11 Jonas Hagebø Lone  
24.11 Madeleine Vedå  
Mjelde  
24.11 Melissa Øksnes  
Lund

### Gravlagde:

29.11 Alfred Arthur Johan  
Grytås (f.1914)

## BRUVIK

### Døpte:

01.12 Mads Borge  
29.12 Mathea Hjelvik  
Berge

### Gravlagde:

18.12 Johan S. Olsnes  
(f.1900)

## HAMRE

### Døpte:

01.12 Fredrik Raknes  
Lillejord

### Vigde:

14.12 Runar Vedå og  
Silje Eidsheim

### Gravlagde:

04.12 Gerd Oddlaug  
Hammersdal (f.1936)  
17.12 Svein Arne Bernes  
(f.1953)  
27.12 Anna Raknes  
(f.1924)  
17.01 Bjarne Daltveit  
(f.1915)

## HOSANGER

### Døpte:

12.01 Nikolai Lygresten-  
Skjerping

### Gravlagde:

26.11 Erik Heldal  
(f.1907)  
05.12 Georg Hella  
(f.1915)  
10.01 Rasmus O. Røsland  
(f.1919)

## Konfirmasjonane

Konfirmasjonsdagar til våren vert  
slik:

Bruvik: 27/4, Hosanger 27/4,  
Hamre 4/5 og 11/5, Haus: 4/5 og  
Gjerstad 11/5.

# Jesus ver du ved mi sida

Jesus ver du ved mi sida  
når eg gjennom farar går.  
Vern du meg om eg må lida,  
slik eg tryggleik frå deg får.

Du er alt mitt vern og feste  
no og i den tid eg får.  
Eg veit du vil mitt aller beste  
når du ved mi side går.

Hjelp du meg på jord å vera  
her ditt vitne Jesus Krist.  
At eg andre og kan læra  
at du Frelsar er for visst.

Vitna om din store kjærleik  
då du gav ditt liv på kross  
Vitna at din trygge nærliek  
endå finst for alle oss.

**Olav Meltvik.**

Skrive på Haukeland sjukehus  
kvelden før hjarteoppsjonen  
12. sept.02.



# Fasteaksjonen 2003

**Fasteaksjonen «Kirkens Nødhjelp 2003» har som mål å betre kvardagen til hiv-positive og deira familiar verden over.**  
**Kirkens Nødhjelp vil kjempa mot diskriminering og fordomar, og støtta hivpositive sin kamp for eit verdig liv.**

400 millionar menneske er i dag hiv-smitta, 25 mill. er døde av aids, medan 14 mill. barn er blitt foreldrelause. Årleg vert fem millionar menneske smitta av epidimien. 95 prosent av dei som er smitta bor i utviklingsland. Mange hiv-positive, aidssjuke og deira pårørande lever under uverdige tilhøve. Dei vert utsette for diskriminering og grove brot på grunnleggjande rettar.

## Sjuke vert utestengde

Kirkens Nødhjelp arbeider for å avgrensa katastrofen og snu utviklinga. Via lokale organisasjonar i det einskilde landet står Kirkens Nødhjelp både førebyggjande arbeid, omsorg og pleie av sjuke og etterlatte, og bekjemping av fordommer.

Stemping og diskriminering av dei som vert ramma av hivepidimien er eit stort hinder for dette arbeidet. Mange stader opplever hiv-positive mobbing og utetenging frå arbeid, utdanning og lokalsamfunn. Eit godt innsamningsresultat aksjonsdagen 8. april 2003 vil føra til at Kirkens Nødhjelp når endå fleire med sitt arbeid.

## Kyrkjelydane sin aksjon

Fasteaksjonen er kyrkjelydane sin årlege informasjons- og

innsamlingsaksjon. Heilt sidan starten i 1967 har kyrkjelydane i Den norske kyrkja, - og etterkvart også i fleire av frikyrkjene, gjennomført denne aksjonen i fastetida før påske. Kvart år går rundt 30.000 menneske frå dør til dør for å samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp.

I Nordhordland er dei fleste bøssebærarane konfirmantar, men mange stader er også vaksne med på aksjonen, både som sjåførar og med bøsser. Mange er i aksjon for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon denne våren: «eittåringar», tilsette i Kirkens Nødhjelp, internasjonale samarbeidspartnarar - og konfirmantar. Dette året skal konfirmantar også vera med å inspirera til aksjon. To konfirmantar frå Nordhordland reiste i haust til Sør-Afrika. Det vart laga film som har vore sendt på NRK. No skal dei rundt i

landet saman med sine klassekameratar, visa film og inspirera sine medkonfirmantar. Kyrkjelyder som klarer å verva ein vaksen bøssebærar per konfirmant, eller er særlig kreative i avviklinga av aksjonen, er forresten med i trekninga om to gratis konsertar med artisten Maria Solheim!

I fjor vart det samla inn kr. 385.000 i Nordhordland. Dette var 55.000 kroner meir enn året før, og gav eit snitt pr. innbyggjar på kr. 11.19. Dette var det høgaste snittet i Hordaland, og eit resultat å vera stolte av! No vonar Kirkens Nødhjelp på eit like godt resultat i 2003.

